

Lindås kommune
Eldrerådet v/leiar Terje Fjellanger,
Postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Lindås den 11.april 2018.

Søknad om økonomisk støtte til Eldredag

Sak til komande møte i Eldrerådet.

På vegne av Kløvheim pensjonistlag, Lindås pensjonistlag og Osterfjorden pensjonistlag søker vi om økonomisk støtte på kr. 15.000,- til dekning av utgifter vi har ved å skipa til eldrefest i anledning den internasjonale eldredagen den 1. oktober 2018.

Det er våre tre pensjonistlag som siste åra tok på seg å lage til slik fest med praktisk hjelp frå Frivilligsentralen. I tidlegare år var det Eldrerådet sjølv som hadde denne oppgåva, men rådet har uttalt at dei ønskjer at dei lokale pensjonistlaga har rolla som tilskipar.

Følgjande reknar vi med vert utgifter til eldrefesta som vi i år legg til Westland Hotel på Lindås, søndag den 30. september;

2 rettars middag på hotellet, 80 stk. à kr. 300,-,	kr. 24.000,-
Musikk og underhaldning,	« 8.000,-
Annonsering og materiell,	« 5.500,-
Blomster,	« 500,-
Busstransport, Frekhaug/Lindås, og Ostereidet/Lindås,	« 10.000,-
	<u>Kr. 48.000,-</u>

Vi planlegg med eigendelar (kr. 300,- pr. person) som då dekkjer middagen. Utover dette har laga våre øymerka midlar til dette formålet, og Frivilligsentralen dekkjer annonseringa, slik at det resterande vi treng økonomisk støtte for er på kr. 15.000,- frå Eldrerådet.

Om laga våre no vert godskrive støtta vi søker, kan midlane overførast til laga sin felles bankkonto nr. 3637.27.83340 i Sparebanken Vest.

Vi ser fram til ei positiv handsaming av søknaden vår i det komande møtet i Eldrerådet.

Med venleg helsing

for Kløvheim pensjonistlag, Lindås pensjonistlag og Osterfjorden pensjonistlag

Kåre Bastesen

Kåre Bastesen
leiar